

## **Saksprotokoll i fellesnemnda - 18.09.2019**

**Åshild Kjelsnes (A)** sette på vegner av A, Sp, SV og KrF fram slikt forslag:

«Tillegg. Nytt punkt 1:

Fellesnemnda forventar at ein reelt forhold seg til å behandle budsjettet etter ein finansutvalsmodell, dvs at ein arbeider med budsjettet gjennom heile året med kontaktpunkt mot dei ulike hovedutvala for å legge til rette for ein arbeidsprosess med politisk styring gjennom året. Eit årshjul vil kunne vere ei god hjelp for oversikt til dette.

Alternativ til innstillinga punkt 2:

Fellesnemnda tek orienteringa til førebels vitande.

Fellesnemnda ber prosjektleiar om å arbeide vidare med dei samla økonomiske utfordringane og salderinga av desse til neste møte 24.10.19

Salderinga må vise det politiske handlingsrommet slik at ein politisk kan prioritere tiltak.

Tillegg. Nytt punkt 5:

Fellesnemnda set som føresetnad at det vert full kompensasjon for kostnadane av overføring av sams vegadministrasjon.

Fellesnemnda vil understreke dei alvorlege utfordringane med ferje- og hurtigbåtanbod og utfordringane på vegvedlikehald og rassikring og ber politisk og administrativ leiing gå i dialog med sentrale styresmakter om dette.»

**Sigbjørn Framnes (Frp)** sette fram slikt forslag:

«Under *Mobilitet og kollektiv – innsparingskrav på 41 mill. kr*, må det leggjast vekt på effektivt og saumlaust kollektivtilbod med god frekvens i distrikta.»

### **Røysting**

Det var 22 representantar til stades.

Kjelsnes sitt forslag til nye punkt 1 og 5 vart samrøystes vedteke.

Kjelsnes sitt forslag til alternativ til prosjektleiar sitt punkt 2 vart samrøystes vedteke mot inga røyster for prosjektleiar sitt forslag.

Prosjektleiar si innstilling punkt 1 og 3 vart samrøystes vedteke.

Framnes sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

1. Fellesnemnda forventar at ein reelt forhold seg til å behandle budsjettet etter ein finansutvalsmodell, dvs at ein arbeider med budsjettet gjennom heile året med kontaktpunkt mot dei ulike hovedutvala for å legge til rette for ein arbeidsprosess med politisk styring gjennom året. Eit årshjul vil kunne vere ei god hjelp for oversikt til dette.
2. Fellesnemnda ber prosjektleiar konkretisere innsparingstiltaka på sektornivå. Innsparingstiltak og forslag til omprioriteringar med konsekvensvurdering vert lagt fram til møte i finansutvalet den 24. oktober.

Under *Mobilitet og kollektiv – innsparingskrav på 41 mill. kr*, må det leggjast vekt på effektivt og saumlaust kollektivtilbod med god frekvens i distrikta.

3. Fellesnemnda tek orienteringa til førebels vitande.  
Fellesnemnda ber prosjektleiar om å arbeide vidare med dei samla økonomiske utfordringane og salderinga av desse til neste møte 24.10.19  
Salderinga må vise det politiske handlingsrommet slik at ein politisk kan prioritere tiltak.
4. Fellesnemnda ber prosjektleiar komme attende til finansutvalet med konkret målsetting for administrativ effektivisering i møte den 24. oktober. Tiltaksplan for slik effektivisering blir behandla i budsjett 2021.
5. Fellesnemnda set som føresetnad at det vert full kompensasjon for kostnadane av overføring av sams vegadministrasjon.

Fellesnemnda vil understreke dei alvorlege utfordringane med ferje- og hurtigbåtanbod og utfordringane på vegvedlikehald og rassikring og ber politisk og administrativ leiing gå i dialog med sentrale styresmakter om dette.